



# HELSE BERGEN

Kysthospitalet i Hagevik



## KYSTHOSPITALET I HAGEVIK

*Eit spesialsjukehus for planlagde operasjonar i musklar og skjelett (ortopedisk kirurgi)*

Kvart år utfører vi

- 1800 - 2000 operasjonar i heile rørsleapparatet,
- ca 11 000 polikliniske vurderingar hos legespesialist,
- ca 14 000 røntgenundersøkingar.

Vi tilbyr pasientane ei heilskapleg helseteneste med klinisk undersøking, behandling, pleie, mobilisering og vidare oppfølging.

Vi er ei forskings- og undervisningsavdeling ved Universitetet i Bergen. Sjukehuset har ansvar for utdanning av legar, sjukepleiarar, radiografar, fysioterapeutar og helsefagarbeidarar.



## Velkomen til Kysthospitalet i Hagevik


På neste side ser du korleis du finn vegen til oss. Hovudinngangen ligg på sjøsida av sjukehuset. Der melder du deg i resepsjonen for å registrera at du er komen. Vanlegvis tek heile vurderinga 30 - 60 minutt.



Av og til er det naudsynt med fleire utgreiingar før type behandling blir avgjort. Behandlinga kan vere operasjon, medikament, trening, fysioterapi eller ein kombinasjon.

Om det blir avtalt operasjon, må du kome til sjukehuset for prøver og utgreiing ein dag (klareringsdag) i forkant av operasjonen.





### Med kollektivtransport ([www.skyss.no](http://www.skyss.no))

- **frå Bergen:** Rute 600 til Tøsdalsskiftet > Rute 602/607 til Hagavik
- **frå Bergen Lufthavn:** Bybanen til Lagunen terminal > Rute 600 til Tøsdalsskiftet > Rute 602/607 til Hagavik
- **frå Halhjem:** Rute 600 til Tøsdalsskiftet > Rute 602/607 til Hagavik

*Det er ca 500 meter å gå frå busstoppet ned til sjukehuset.*

### Med bil

- **frå Bergen:** Følg E39 mot Halhjem/Stavanger til du kommer til avkjøring 64. Ta andre avkjøring i rundkjøringen og følg vegen ca 4 km til du ser sjukehuskiltet.
- **frå Halhjem:** Følg E39 mot Bergen. Ta avkjøring 64, ta andre avkjøring i første rundkjøring, og første avkjøring i neste rundkjøring. Følg vegen ca 4 km til du ser sjukehuskiltet.

### Andre reisemåtar/spørsmål?

Kontakt Pasientreiser på tlf 05 515 eller på

[helse-bergen/pasientreiser](http://helse-bergen/pasientreiser)

**Kysthospitalet i Hagevik behandlar dei fleste lidingar i musklar og skjelett bortsett frå akutte skader. Dei største pasientgruppene er**

- lidingar i hofte-, kne- og skulderledd som blir behandla med innsetting av protese og utskifting av protese,
- lidingar i rygg som prolaps og trong ryggmargskanal, i tillegg til andre ryggglidingar som blir behandla med implantat,
- lidingar i skulder, kne, ankel, olboge, hofte, fot, hand, som anten blir behandla med "kikhols-kirurgi", eller med open operasjon.



**Internett.** Det er gratis trådløst nett på sjukehuset.

**Kantine.** Opningstid kl 10-14:30 måndag, 10-15:00 tysdag - fredag.

**Parfyme:** Nokre pasientar er allergiske. Bruk derfor ikkje parfyme/sterkt parfymerte produkt på sjukehuset.

**Adresse** Hagaviksbakken 25, 5217 Hagavik

**Telefon** 56 56 58 00

[www.kih.no](http://www.kih.no)